



Arkivnr: 2018/8146-1

Saksbehandlarar: Hans Inge Gloppen, Ronny Skaar, Adeline Landro, Matti Torgersen, Torunn Gaarden, Merethe Mæland, Nils Vetlesand, Jomar Ragnhildstveit, Jone Engelsvold, Marit Rødseth, Else-Marie Brobakke.

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		17.04.2018
Utval for miljø og samferdsel		18.04.2018
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2018
Fylkesutvalet		03.05.2018

**Regionreforma. Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane – Høyringsvar frå Hordaland fylkeskommune****Samandrag**

Ved Stortinget si handsaming av Meld. St. 22 (2015 – 16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver» vart det gjort følgjande vedtak i tråd med Innst. S 377 (2015 – 16) frå Kommunal - og forvaltningskomiteen:

*«Stortinget ber regjeringa setje ned eit ekspertutval som skal føreslå ytterlegare nye oppgåver til regionane når den nye regionstrukturen er fastlagt, og seinast våren 2017.»*

Ekspertutvalet vart oppnemnt 13. juni 2017. Kommunal - og moderniseringsdepartementet (KMD) sende 29. juni 2017, på oppdrag frå utvalet, ei oppmoding til fylkeskommunane om å sende inn eit oversyn over aktuelle oppgave- og ansvarsområde som kunne overførast til dei nye fylkeskommunane. Fylkesutvalet i Hordaland gav ekspertutvalet innspel til nye fylkeskommunale oppgåver i PS 196/2017 i august 2017. Utvalet leverte sin rapport, «Regionreforma. Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane» 1. februar 2018. Alle avdelingane i Hordaland fylkeskommune har gått gjennom og vurdert forslaga til ekspertutvalet. Innspela frå avdelingane er samanfatta i saksframlegget m/vedlegg, og vil samen med fylkesutvalet sitt vedtak utgjera Hordaland fylkeskommune sitt høyringsvar. Høyringsfrist på forslaga i rapporten er 9. mai 2018.

Hovudideen i regionreforma, og dermed også i ekspertutvalet sin rapport, er at samfunnsprosessane skal desentraliserast. Makt skal spreiaast. Samfunnet skal byggjast regionalt og lokalt. Dette plasserer den nye fylkeskommunen som eit sentralt, politisk styringsnivå, med kommunane på den eine sida og staten på den andre. Det regionale folkevalde nivået får ei endå sterkare samfunnsutviklarrolle, fylkeskommunen skal mobilisere og koordinere samfunnsutviklinga på Vestlandet, og vera bindeledd mellom nasjonal, regional og kommunal politikk. Regionreforma gjev også auka handlingsrom til dei politiske partia, politikarane, administrasjonen og det demokratiske grunnfjellet på Vestlandet. Auka handlingsrom vil gjera den nye regionalpolitiske rolla meir krevjande, men samtidig meir interessant. Som ledd i reforma vil det det nye fylket som er samansett av Sogn og Fjordane og Hordaland, få tilført nye oppgåver og ressursar frå staten. Stortinget og ekspertutvalet sitt forslag målbærer prinsippa for korleis dei nye oppgåvene skal fordelast og gjennomførast.

Ekspertutvalet anslår at forslaga samla sett vil medføre at 23,5 mrd. kroner vert overført frå staten til fylkeskommunane. Forslaga medfører også nedlegging av fem statlege institusjonar: IMDi, Kompetanse Norge, Statped, Distriktssenteret og Siva. I tillegg medfører det nedlegging av Bufetat. Om lag 4.760 årsverk blir direkte påverka av desentraliseringa som er føreslått av ekspertutvalet.

Hordaland fylkeskommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane, men understrekar det må overførast betydelege oppgåver og ressursar for å lukkast med å fornye og styrke det regionale folkevalte nivået.

**Økonomi:** Saka påverkar ikkje driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond

**Klima:** Saka har ingen effekt på klimaet

**Folkehelse:** Saka har ingen effekt på folkehelse

**Regional planstrategi:** Saka er svært viktig for det langsiktige målet om at Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande. Fleire framlegg i saka er viktige for hovudmålet om eit godt samarbeid i en sterk Vestlandsregion.

### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane. Nye oppgåver og auka regionalt ansvar er naudsynt for å styrke lokaldemokratiet og fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklar. Høyringsvaret frå Hordaland fylkeskommune er vedlagt
2. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til ekspertutvalet sitt forslag om at frie inntekter i hovudsak vert lagt til grunn for finansiering av fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at ansvarsoverføringane vert finansiert fullt ut ved at midlane staten brukar, vert overført fylkeskommunane i samband med ansvarsoverføringa.
3. Hordaland fylkeskommune føreset ei samla vurdering av ekspertutvalet sitt forslag i Stortinget, som ei eiga heilskapleg sak om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.
4. Hordaland fylkeskommune meiner Stortinget – i tillegg til å overføre statlege oppgåver til regionalt folkevalt nivå slik ekspertutvalet si innstilling føreslår – særleg må følgje opp at:
  - a) Det kjem snarlege avklaringar og vert ein ryddig og oversiktleg prosess knytt til overføring av sams vegadministrasjon til det regionale folkevalde nivået. Dette er også viktig for fylkeskommunane i eit arbeidsgjevarperspektiv.
  - b) Fylkeskommunane får delegert meir mynde i sakshandsaminga av akvakultursaker.
  - c) Den næringsorienterte delen av Fylkesmannen si verksemd i sin heilskap vert overført til fylkeskommunane.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert utgreidd overføring av fleire oppgåver som ligg tett opp til oppgåvene som alt er føreslegne overførte, og oppgåver som krev samordning og elles er innanfor dei prinsipp ekspertutvalet har lagt til grunn. Forslag til fleire oppgåver er nemnt i det vedlagte høyringsvaret.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg 1: Høyringsvar frå Hordaland fylkeskommune

Vedlegg 2: Rapport fra ekspertutvalg. Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene

## Fylkesrådmannen, 04.04.2018

### 1. Bakgrunn for saka

Stortinget vedtok 8. juni 2017 ei regionreform der dagens 19 fylkeskommunar skal erstattast med 11 nye fylkeskommunar frå 1. januar 2020. I vedtaket slo Stortinget saman følgjande fylke:

- Vest-Agder og Aust-Agder (302 000 innbyggjarar)
- Sogn og Fjordane og Hordaland (632 000 innbyggjarar)
- Buskerud, Akershus og Østfold (1 178 000 innbyggjarar)
- Telemark og Vestfold (420 000 innbyggjarar)
- Hedmark og Oppland (386 000 innbyggjarar)
- Troms og Finnmark (241 000 innbyggjarar)

Vedtaket inneber at Oslo (672 000), Rogaland (475 000), Møre og Romsdal (267 000) og Nordland (243 000) held fram som eigne fylke også etter 1. januar 2020. Sør- og Nord-Trøndelag (454 000) er alt vedtekne slegne saman med verknad frå 1. januar 2018. Då Stortinget handsama stortingsmeldinga om regionreforma «*Meld. St. 22 (2015–2016) Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver*», bad Stortinget også regjeringa setje ned eit ekspertutval som skulle føreslå overføring av ytterlegare oppgåver til fylkeskommunane. Ekspertutvalet vart oppnemnt 13. juni 2017, og leverte sine forslag til nye oppgåver i rapporten «*Regionreforma: Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane*» 1. februar 2018. Forslaga til utvalet har som hovudmål å styrke fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklar, gje ei meir brukarvennleg forvaltning, betre offentleg ressursbruk, og betre tenester for innbyggjarar og næringsliv.

#### 1.1 Tidlegare vedtak i saka

I brev frå KMD, datert 29. juni 2017, vart fylkeskommunane bedt om å komme med innspel til ekspertutvalet på aktuelle nye oppgåver som kan leggast til det folkevalde regionale nivået. Fylkesutvalet gjorde fylgjande vedtak 24. august 2017 i «*PS 196/2017 Ekspertutvalet for regionreforma - innspel til ytterlegare nye fylkeskommunale oppgåver/ansvar*»:

1. *Fylkesutvalet viser til ekspertutvalet sitt mandat, der oppgåvefordelinga mellom regional stat/Fylkesmannen og regionalt folkevalt nivå er nemnd særskilt. Tida er moden for å trekkje eit klårt og prinsipielt skilje mellom oppgåver knytt til tilsyn, kontroll og beredskap (samt enkelte ev. rettleiingsoppgåver) og politiske oppgåver og ansvarsområder. Oppgåver og ansvar som høyrer til den siste kategorien, og som i dag ligg til regional stat, skal overflyttast til regionalt folkevalt nivå.*
2. *Fylkesutvalet ber om at det også vert vurdert å leggje meir ansvar for oppgåver knytt til attføring av personar som har særskilde utfordringar med å kome inn i arbeidslivet til det regionale nivået. Dette arbeidet har nær tilknytning til andre oppgåver fylka i dag har ansvaret for, m.a. innan vaksenopplæring, særskilt tilrettelagte utdanningsløp, karriererettleiing, regional kompetansepolitikk og folkehelsearbeidet.*
3. *Fylkesutvalet ber om at ein vurderer oppgåve- og ansvarsdelinga innan brann- og ulykkesberedskapen som ein del av arbeidet med nye oppgåver for det regionale nivået. Det er eit aukande behov for å samordne og koordinere offentlege og frivillige beredskapsressursar regionalt i høve til store brannar, ulykker og naturkatastrofar. Dette gjeld både i det regionale planarbeidet, men også gjennom direkte samarbeid med kommunale, statlege og frivillige beredskapsorganisasjonar.*
4. *Dei store utfordringane som plast lang kysten vår gjev, er ei oppgåve som den nye regionen bør få ansvar for. Ei utvikling av eit renovasjonsansvar for kysten bør leggast til dette nivået. (Tillegg under miljøforvaltning)*
5. *Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen si saksutgreiing og støttar merknader og tilråding om innspel til nye oppgåver som ekspertutvalet må vurdere for overflytting til dei nye fylkeskommunane.*

#### Protokollmerknad frå MDG

*MDG ber om at det arbeides vidare med muligheten for å etablere forsøk med overføring av ansvar fra sykehus og høgskole til det nye fylket/regionen.*

### 2. Hovudpunkta i rapporten

Utvalet tolkar Stortinget sitt vedtak om regionreforma som eit svar på to utfordringar. For det første har det dei siste åra vore ein omfattande vekst og oppdeling i den statlege forvaltninga, særleg i direktorata og direktoratsliknande einingar. Dette har ført til sektorisert forvaltning med lågare grad av samordning enn det

som er ynskjeleg. For det andre vil mange kommunar etter første fase av kommunereforma, fortsatt ha få innbyggjarar. Fylkeskommunane har eit potensial til å forsterke si rolle som partner og rettleiar for kommunane – mellom anna i form av fagkompetanse og som deltakar i kommunane sitt utviklings- og planarbeid.

Det er i tillegg ei utfordring at fylkeskommunane sin legitimitet, og interessa for fylkesdemokratiet, er noko lågare enn interessa for kommunedemokratiet og våre nasjonale demokratiske institusjonar. Dette har i fylgje ekspertutvalet samanheng med at fylkeskommunane har hatt få oppgåver som har spegla konfliktdimensjonane i norsk politikk. Skal fylkeskommunen oppnå auka politisk merksemd, må dei nye oppgåvene i større grad enn tidlegare reflektere sentrale politiske konfliktdimensjonar og bety meir for innbyggjarane.

Utvalet har vurdert nye oppgåver og ansvar etter følgjande fem retningslinjer:

1. Oppgåver bør leggjast så nært innbyggjarane som mogleg, men på eit så høgt nivå som naudsynt for å sikra kostnadseffektiv oppgåveløysing.
2. Det mynde som er tillagt ansvar og avgjerdskompetanse for ei oppgåve, skal også ha fagmiljøet knytt til oppgåva og ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgåveløysinga.
3. Oppgåver som krev utøving av politisk skjønn og vurdering bør leggjast til folkevalde organ.
4. Oppgåver som krev stor grad av samordning, og/eller oppgåver som har store kontaktflater med kvarandre, bør leggjast til same forvaltningsorgan.
5. Oppgåver som av ulike årsaker ikkje skal la seg påverka av lokalpolitiske tilhøve, bør vera eit statleg ansvar. Staten bør ha ansvaret for oppgåver som føreset ein nasjonalt heilskap for god oppgåveløysing.

Utvalet er einig med fleirtalet på Stortinget i at oppgåvefordelinga må endrast for å løysa grunnleggjande samfunnsutfordringar på ein betre måte enn i dag. Utgangspunktet for utvalet sine vurderingar er difor at overføring av oppgåver skal bidra til tydelegare ansvarsfordeling, meir effektiv ressursbruk og betre tenester til innbyggjarar og næringsliv. Dagens samfunnsutfordringar er grense- og sektoroverskridande. Det vert stilt krav til omstilling i næringslivet, innovasjon i offentleg sektor, integrering, kutt i klimagassutslepp og tilpassing til nye klima- og miljøvilkår. Innbyggjarar og næringsliv har behov for tenester og tilrettelegging frå fleire forvaltningsnivå og sektorar. Nasjonal, regional og lokal politikk og forvaltning må verka saman. Å samle oppgåver i eitt folkevald organ og ein administrasjon, vil legge til rette for meir koordinert offentlig verkemiddel- og ressursbruk i forvaltninga.

Utvalet meiner deltaking og openheit er grunnleggjande demokratiske verdiar som kan styrkast gjennom å flytte oppgåver frå staten til fylkeskommunen. Overføring av oppgåver frå stat til fylkeskommune vil bidra til at makta vert fordelt i samfunnet, og til at interessa for fylkesdemokratiet kan styrkast. Ekspertutvalet peikar på særleg tre store politikkkfelt der fylkeskommunane bør ha oppgåver og handlingsrom til å bygge opp ein sterk og tydeleg regional politikk. Politikken og prioriteringane innan desse felta er avgjerande for samfunnsutviklinga i det enkelte fylke, og krev tilpassing til regional kontekst og føresetnader. Dette gjeld følgjande tre politikkkfelt:

- Arealbruk, naturverdiar, miljø/klima og samferdsel
- Verkemiddel for næringsutvikling og kompetanse
- Verkemiddel og tenesteoppgåver som er viktige for folk si helse, trivsel og levekår.

Ekspertutvalet sitt forslag medfører at fylkeskommunane får forvaltingsansvar for relevante tilskots- og prosjektmidlar innanfor dei oppgåveområda som er føreslått overført, og som i dag er lagt til departement, direktorat og fylkesmannen. Utvalet anslår at forslaga samla sett vil medføre at 23,5 mrd. kr vert overført frå staten til fylkeskommunane. I dette anslaget ligg 8,5 mrd. kr som i dag går til drift av dei institusjonane som er føreslått overført til fylkeskommunane.

Utvalet sitt forslag medfører nedlegging av fem statlege institusjonar: IMDi, Kompetanse Norge, Statped, Distriktssenteret og Siva. I tillegg medfører det nedlegging av Bufetat. Om lag 4 760 årsverk blir direkte råka av forslaga til ekspertutvalet. I tillegg vil fleire statlege institusjonar bli påverka budsjett- og personalmessig som følge av reduksjon i oppgåver og økonomiske verkemiddel.

Ekspertutvalet foreslår oppgåveoverføringar frå staten til fylkeskommunane innan fem områder og foreslår i tillegg seks tiltak for å styrke regional planlegging som verkemiddel for samordning:

1. Næring, kompetanse og integrering
2. Samferdsel
3. Klima, miljø og naturressursar
4. Kultur og kulturminnevern
5. Helse og levekår
6. *Regional planlegging*

### 3. Ekspertutvalet sine konkrete forslag

Forslaga til ekspertutvalet på kvart av dei seks områda er detaljert gjennomgått og vurdert i vedlegget til saksframlegget. Alle avdelingane i Hordaland fylkeskommune har kome med innspel til høyringa. I tillegg har det vore dialog med Sogn og Fjordane fylkeskommune undervegs i saksførebuinga. Vedlegget saman med vedtaket i saka utgjør høyringssvaret frå Hordaland fylkeskommune. I dei følgjande punkta er ekspertutvalet sine forslag til kvart av dei seks områda summert opp i kort form.

#### 3.1 Næring, kompetanse og integrering

- Oppdragsgjevaransvar for minst halvparten av det offentlege sine midlar som i dag vert forvalta av Innovasjon Noreg. Eigardelen i Innovasjon Noreg på mellom 50 og 66 prosent.
- Ansvar for oppgåvene og verkemidlane som i dag ligg til Siva. Siva vert lagt ned.
- Ansvar for om lag halvparten av det offentlege sin innsats for næringsretta forskning som i dag ligg til Noregs forskingsråd. Midlane vert forvalta etter modell av Regionale forskingsfond.
- Ansvar for Regionalt næringsprogram som i dag ligg til Fylkesmannen. Midlane til investeringar og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane) vert overførte frå Landbruks - og matdepartementet til fylkeskommunane som gjev oppdrag til Innovasjon Noreg.
- Ansvar for oppgåver og verkemidlar som i dag ligg til Distriktssenteret. Distriktssenteret vert lagt ned.
- Ansvar for om lag halvparten av midlane over tilskotsordninga Arktis 2030 som involverer nordnorske aktørar vert overført til fylkeskommunane i Nord - Noreg. Ansvar ligg i dag til Utanriksdepartementet. Utvalet meiner staten bør vurdere å gje fylkeskommunane i Nord-Noreg eit meir aktivt og formelt ansvar for å delta og førebu møte i Arktisk Råd.
- Ansvar for oppgåvene og verkemidlane knytte til karriererettleiing som i dag ligg til Kompetanse Noreg og NAV.
- Ansvar for å leggje til rette for å finansiere opplæring og utdanningstiltak som ikkje er finansiert over ordinære løyvingar til universitet og høgskular eller over fylkeskommunane sine budsjett til vidaregåande opplæring og fagskular. Dette omfattar m.a. ansvaret for tilskot som i dag ligg til Kompetanse Noreg. Nasjonale oppgåver i Kompetanse Noreg kan overførast til Utdanningsdirektoratet. Kompetanse Noreg vert lagt ned.
- Ansvar for store delar av oppgåvene som i dag ligg til IMDi, inkl. rettleiing for kommunane, utbetaling av tilskot til kommunane, kompetansetiltak og busetjing. Utbetaling av integreringstilskotet og oppgåver av nasjonal karakter kan overførast til ansvarleg departement. IMDi vert lagt ned.

#### 3.2 Samferdsel

- Ansvar for kjøp av fylkesinterne togruter og kjøp av togruter mellom Østfold/Akershus/Buskerud, Telemark/Vestfold, Hedmark/Oppland og Oslo, som i dag ligg til Jernbanedirektoratet.
- Ansvar for grenseoverskridande togruter føreset eit nært samarbeid mellom fylkeskommunane, t.d. ved at Østfold, Akershus og Buskerud tek eit vertskommuneansvar som det største jernbanefylket.
- Ansvar for forvaltning av tilskot til utbygging av breiband som i dag ligg til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Klima, miljø og naturressursar

#### 3.3 Klima, miljø og naturressursar

[Endring i saksdokumentet 23.04.2018](#)

*Under punkt «3.3 Klima, miljø og naturressursar» er det kome følgjande ny tekst:*

- Ansvar for klima - og miljøoppgåvene som i dag ligg til Fylkesmannen, med unntak av forureiningsområdet og oppgåver knytte til kontroll, tilsyn og klage.
- Fylkeskommunane får eit samordningsansvar på klimaområdet knytt til oppfølginga av klimalova.
- Mynde til å gjere vedtak om konsesjon til utbygging av vasskraft på 1 - 10 MW og vindkraft over 1 MW (fem turbinar) som i dag ligg til NVE. Fylkeskommunane kan nytte NVE i sakshandsaminga.

Same tekst som punkt 3.2 er erstattet

### 3.4 Kultur og kulturminnevern

- Ansvar for prosjektmidlar og driftsstønad til institusjonar og arrangement av lokal eller regional karakter og som i dag ligg til Norsk Kulturråd.
- Ansvar for samtlege institusjonar innanfor kapittel 323 *Musikk og scenekunst*, post 60 *Landsdelsmusikarane i Nord-Norge*, post 71 *Region-/landsdelsinstitusjonar* og post 73 *Region- og distriktsopera* som i dag ligg til Kulturdepartementet. Frå post 70 under same kapittel vert Den Nationale Scene og Bergen Filharmoniske Orkester overført.
- Fleirtalet av tilskota som vert finansiert over post 78 under same kapittel, vert og føreslege overført.
- Ansvar for fleirtalet av museum som vert finansierte over kapittel 328 *Museum og visuell kunst*, post 70 *Det nasjonale museumsnettverket*. Fleirtalet av tilskot som i dag vert finansierte over post 78 under same kapittel, vert og føreslege overførte.
- Ansvar for investeringsmidlar tilhøyrande ovannemnte institusjonar innan musikk, scenekunst og museum som i dag ligg til Kulturdepartementet (kapittel 322 *Bygg og offentlige rom*, post 70 *Nasjonale kulturbygg*).
- Ansvar for forvaltning av spelemidlar til kulturbygg, Den kulturelle skulesekken, Musikkutstyrsordninga, Ordninga for innkjøp av musikkinstrument, Aktivitetsmidlar kor, Krafttak for song og Ordninga for historiske spel som i dag ligg til Kulturdepartementet.
- Ansvar for forvaltning av spelemidlar på biblioteks-, arkiv- og museumsfeltet som i dag ligg til Nasjonalbiblioteket, Arkivverket og Norsk kulturråd. Spelemidlane til idrettsanlegg i kommunane vert føreslege direkte fordelt til fylkeskommunane utan føregående handsaming i Kulturdepartementet.
- Ansvar for hovudmengda av førstelineoppgåver på kulturminnefeltet som i dag ligg til Riksantikvaren. Ansvaret for relevante tilskotsordningar vert føreslege lagt til fylkeskommunane.

### 3.5 Helse og levekår

- Ansvar for folkehelseoppgåvene som i dag ligg til Fylkesmannen, med unntak av oppgåver knytt til tilsyn. Ansvar for tilskotsordningar med relevans for lokalt og regionalt folkehelsearbeid som i dag ligg til Helsedirektoratet og Fylkesmannen.
- Ansvar for pedagogiske - psykologiske støttetjenester (PPT) som i dag ligg til Statped, og ansvaret for rettleiing og støttetjenester overfor kommunane. Ansvar for statens spesialskule i Skådalen vert føreslege overført til Oslo kommune, som må ivareta eit landsdekkande tilbod. Andre oppgåver i Statped kan overførast til Utdanningsdirektoratet. Statped vert lagt ned.
- Ansvar for barnevernsinstitusjonar, fosterheimar og adopsjon som i dag ligg til Bufetat. Ansvar for omsorgssentra for einslege mindreårige asylsøkkjarar under femten år vert framleis statleg. Bufetat vert lagt ned, og Bufdir held fram som fagdirektorat for barnevernet.
- Ansvar for familievernet som i dag ligg til Bufetat vert føreslege overført.

### 3.6 Regional planlegging

Ekspertutvalet støttar regjeringa sine forslag til tiltak for å styrke regional planlegging som verkemiddel. Vidare føreslår utvalet:

- Å tydeleggjere og forankre staten si plikt til deltaking og oppfølging av regionale planar etter plan - og bygningslova.
- Å vurdere korleis Fylkesmannen kan innta ei tilsynsrolle overfor statlege etatar med omsyn til faktisk deltaking i planprosessar og oppfølging i tråd med plan- og bygningslova.
- Å utvikle fastare prosedyrar for å setje samfunns mål for KVVU-arbeidet i den innleiande idéfasen i KS-systemet, og for tilsvarende prosessar for vurdering av andre store statlege investeringar.
- At regionale planføresegner vert vidareutvikla og formidla som eit verkemiddel for ei langt større breidde av tema enn slik dei vert nytta i dag.
- At det i plan- og bygningslova vert opna for at fylkeskommunen (etter oppmoding frå aktuelle kommunar eller pålegg frå staten) i tillegg til staten kan tre inn i myndet til kommunestyret og utarbeide plan etter føresegnene for kommunal plan med juridisk bindande verknad. At staten aktivt brukar moglegheita til å gje tydelege nasjonale forventningar til regional planlegging som verkemiddel for gjennomføring av nasjonal politikk.

Utvalet føreslår at ansvar for planjuridisk rettleiing av kommunane, som i dag ligg til Fylkesmannen, vert overført til fylkeskommunane. Utvalet meiner det er viktig å gjennomgå sektorlover med sikte på betre harmonisering til plan - og bygningslova.

### 3.7 Finansiering

Utvalet meiner fylkeskommunane i hovudsak bør finansierast av frie inntekter (skatteinntekter og rammetilskot). I ein overgangsperiode, på t.d. fem år, kan det vere aktuelt med særskilt fordeling av midlane (fordeling over såkalt tabell c i grønt hefte).

Utvalet meiner at øymerka ordningar og tilskotsmidlar bør innrettast slik at fylkeskommunane, innanfor hovudføremålet med ordningane, får ein større grad av fridom til å prioritere og målrette ordningane til regionale behov.

Utvalet understrekar vidare på at endringar i rammetilskotet basert på folketal vil gje eit skeivt utgangspunkt ved overføring av finansieringsansvaret for kulturinstitusjonar og dette må justerast i høve til kvar institusjonane faktisk er lokalisert. Bakgrunnen for dette er at alle fylkeskommunar ikkje har institusjonar som er omfatta av utvalet sine forslag.

Utvalet anslår at forslaga samla sett vil medføre at 23,5 mrd. kr vert overført frå staten til fylkeskommunane. I dette anslaget ligg 8,5 mrd. kr som i dag går til drift av dei institusjonane som er foreslått overført til fylkeskommunane.

Tilskotsordningar og andre verkemiddel utgjer om lag 15 mrd. kr. Dei fire største områda er:

- Kultur: om lag 4,5 mrd. kr
- Næring, innovasjon og forskning: om lag 3,5 mrd. kr
- Samferdsel: om lag 2,5 mrd. kr
- Integrering: om lag 2 mrd. kr

Om lag 4 760 årsverk blir direkte råka av forslaga til ekspertutvalet. I tillegg vil fleire statlege institusjonar bli påverka budsjett- og personalmessig som følge av reduksjon i oppgåver og økonomiske verkemiddel.

Øymerka ordningar og tilskotsmidlar bør innrettast slik at fylkeskommunane, innanfor hovudføremålet med ordningane, får ei større grad av fridom til å prioritere og målrette ordningane til regionale behov. Utvalet understrekar elles at endringar i rammetilskotet basert på folketalsgrunnlag vil gje eit skeivt utgangspunkt ved overføring av finansieringsansvaret av kulturinstitusjonane ettersom dette må justerast i høve til kvar dei faktisk er lokaliserte. Dette basert på at alle fylke ikkje har institusjonar som er omfatta av endringa.

### **3.8 Ytterlegare utgreiingsbehov**

Ekspertutvalet meiner regionreforma legg grunnlag for ytterlegare utgreiing av endringar:

- Det bør greiast nærare ut om overføring av barnevernsoppgåvene som i dag ligg til kommunane, bør overførast til fylkeskommunane.
- Det bør greiast ut om ansvar for tilskotsordningane innanfor arbeidsmarknadsopplæringa bør overførast til fylkeskommunane. Det same gjeld bedriftsintern opplæring som i dag ligg til NAV.
- Staten bør kartlegge dagens tilsyns - og klageheimlar overfor fylkeskommunen med sikte på ein reduksjon av tal heimlar og sterkare ansvarleggjing av fylkeskommunen.
- Spørsmålet om organiseringa av sjukehusa/spesialisthelsetenestene bør vurderast på nytt, der ein fylkeskommunal modell vert inkludert i utgreiinga.

## **4. Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Fylkesrådmannen støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane. Nye oppgåver og auka regionalt ansvar er naudsynt for å styrke lokaldemokratiet og fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklar.

I dei følgjande punkta har fylkesrådmannen vurdert dei viktigaste momenta i forslaget til ekspertutvalet innanfor kvart av dei seks hovudområda.

### **4.1 Næring, kompetanse og integrering**

Fylkesrådmannen er positiv til forslaget om at fylkeskommunane får auka ansvar for næringsretta forskning, og at midlane skal forvaltast etter modell av regionale forskingsfond. Ein konsekvens av dette forslaget er at det også må vurderast å tilføre administrative ressursar frå Forskningsrådet til dei nye fylkeskommunane for å sikre ei forsvarleg forvaltning.

Fylkesrådmannen er også positiv til forslaget om at oppgaver og verkemidlar knytt til karrierettleiing blir overført til fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune har etablert eit god tilbod om karrierettleiing i fylket, og då er det viktig at dei nasjonale oppgåvene på karrierettleiingsfeltet blir prioritert høgt og blir ivaretatt av eit synleg og handlingskraftig organ på regionalt nivå.

Fylkesrådmannen meiner at forslaget om å vurdere å overføre tilskotsordningar knytt til arbeidsmarknaden, som i dag ligg hos NAV, sikrar ei meir heilskapleg satsing og forenkler arbeidet på dette feltet.

Fylkesrådmannen støttar utvalet si vurdering om raskare godkjenning av fagutdanningar på vidaregåande skular og fagskular. Dette vil bidra til at fylkeskommunane og fagskulane raskare kan reagere på nye kompetansebehov i arbeidslivet med nye utdanningar. Ei følgje av dette forslaget er at fylkeskommunane får større ansvar for læreplanane i eigen region, og at finansieringa av fagskulane vert betra.

Fylkesrådmannen støttar utvalet sitt forslag om å overføre oppgaver frå IMDi til fylkeskommunane og at fylkeskommunane i samarbeid med staten sørger for den regionale fordelinga av flyktningar, samt dialogen med og oppfølginga av kommunane, for å sikre rask busetting. Dersom fylkeskommunane får overført dei nemnde oppgåvene vil det vere ein styrke i høve til å kunne sjå kompetanseutvikling og busetting i samanheng.

## **4.2 Samferdsel**

Når de gjeld forslaget om at ansvaret for den statlege tilskotsordninga for utvida TT-tilbod skal overførast til fylkeskommunane gjennom rammetilskotet, så har fylkesrådmannen fleire merknader. Når føresetnaden er lagt om at kvar brukar skal ha tildelt ein kvote som dekkar 200 turar, er det i hovudsak eit spørsmål om budsjettdekning. Dei administrative prosessane har liten politisk relevans. Ein kan stilla spørsmål om fylkeskommunane skal ha ansvar for ei ordning der det vert eit enno større skilje mellom tunge brukarar, og andre brukarar når det gjeld kvotestorleik. Grunnlaget for godkjenningane er den same,- søkjaren skal ikkje vera i stand til å nytta offentleg transport. Dersom regionane skal ta over denne oppgåva, krevst det statlege løyvingar som dekkar meirkostnadane. Då tiltaket vert finansiert gjennom rammeløyvinga, må det konkurrera med andre gode tiltak i regionane (så lenge det ikkje er lovfesta). Ordninga ville difor truleg hatt eit betre vern i statleg regi. Ei samla vurdering talar likevel for at regionane bør ta over ansvaret for dei tunge brukarane, og gjennomfører behovsprøving ved søknad. Dette kan gje samordningsvinstar både ved sakshandsaminga og ved transporten, som ein ikkje får ved å fordela ansvaret for brukarane på to forvaltningsnivå.

Fylkesrådmannen er positive til at ansvaret for kjøp av fylkesinterne togruter blir overført til det regionale nivået. Hovudargumentet for dette er at felles kjøp av all fylkesintern kollektivtransport legg til rette for og muleggjer både betre samordning av tenesta ut mot kunden (takstar og billetter), samt kva for ruter som skal prioriterast og samordning av disse mot anna kollektivtilbod som skjer i regi av fylkeskommunen. Ei samling av ansvaret for kjøp av fylkesintern kollektivtransport legg til rette for eit heilskapleg og koordinert kollektivtilbod til dei reisande. Ekspertutvalet føreslår ikkje at endring av ansvaret for kjøp av fylkesinterne togruter for Hordaland. Fylkesrådmannen meiner at tilsvarande argumentasjonen som er brukt for Oslo-området også bør kunne gjelda for Hordaland. Med samanslåing med Sogn og Fjordane, vil heile lokaltogstrekninga Bergen-Voss-Myrdal liggje innanfor nye Vestlandet fylkeskommune. Overføring av ansvaret føreset sjølvstøtt at tilskotet blir overført til fylkeskommunen slik at kjøp blir gjort mogleg, og at det blir tilført ressursar til å forvalte oppgåva.

Fylkesrådmannen er elles samd med utvalet i at Statens Vegvesen sin fagadministrasjon bør bli overført til det regionale nivået. Her viser fylkesrådmannen til at utgreiinga frå Vegdirektoratet skal leggjast fram 15. mai 2018, og politiske vurderingane som må gjerast i den samanheng.

## **4.3 Klima, miljø og naturressursar**

Fylkesrådmannen meiner at ekspertutvalet sin rapport på området klima, miljø og naturressursar i stor grad gir eit godt grunnlag for vurderingane om desentralisering av oppgaver frå staten til fylkeskommunane. Då er det lagt til grunn, som Stortingsfleirtalet har framheva, at fylkesmannen sitt ansvar i utgangspunktet skal vere knytt til tilsyn kontroll, klage og beredskap. Fylkesrådmannen rår i tillegg til at fylkeskommunane får delegert meir mynde i sakshandsaminga av akvakultursaker.



#### **4.4 Kultur og kulturminnevern**

Fylkesrådmannen støttar utvalet sine framlegg om overføringa av mynde og oppgåver innan kultur og kulturminnevern. Ein sterkare regionalisering kan gje styrka dialog mellom forvaltningsnivåa og betre samkøyring av ulike vekemiddel på kunst- og kulturområdet. Eit viktig premiss må vera at reforma skal styrka kultursektoren og -politikken, ikkje svekke den.

Ekspertutvalet sin forslag knytt til kulturområdet er svært omfattande både administrativt og økonomisk. Fylkesrådmannen vil difor trekkja fram følgjande punkt i høyringssvaret frå Hordaland fylkeskommune:

- a) Prinsippet om armlengds avstand i kulturpolitikken må i like stor grad vera gjeldande for fylkeskommunen som for staten, og Hordaland fylkeskommune presiserer at overføring av tilskotsansvaret til fylkeskommunane ikkje skal innebere risiko for politisk innblanding i institusjonane eller tiltaka sitt sjølvstendige og frie kunstnarlege og innhaldsmessige ansvar.
- b) Ekspertutvalet sine framlegg om direkte tildeling av spelemidlar på ei rad område, bør opna for at fylkeskommunane i større grad må få ansvaret for ei sjølvstendig politikktutforming når det gjeld samla spelemiddelbruk, i samsvar med regionale behov og føresetnader.
- c) Hordaland fylkeskommune vil påpeika at ekspertutvalet si innføring av omgrepet «hovudstatsinstitusjonar» ikkje er tenleg, verken for spørsmålet om desentralisering av oppgåver eller for kulturpolitikken. Det er inga grunn til å leggja opp til ulik handsaming av institusjonar som Oslo Filharmoniske Orkester og Bergen Filharmoniske Orkester eller Nationaltheatret og Den Nationale Scene. Dei same prinsippa for oppgaveoverføring må leggest til grunn for desse institusjonane.
- d) Hordaland fylkeskommune meiner det er viktig at Kulturrådet si rolle som ein nasjonal arena for kunst- og kulturlivet oppretthaldast, primært med oppgåver knytt til Kulturrådet sitt grunnleggande oppdrag som forvaltar av Norsk kulturfond, slik ekspertutvalet føreslår. Norsk kulturråd bør ikkje ha direktoratliknande oppgåver. Kulturrådet har til dømes fått utviklingsoppgåver og ansvar for forvaltning av fleire tilskotsordningar som med fordel bør overførast til regionalt nivå. Fordelinga må ta utgangspunkt i eksisterande tildeling innanfor dei aktuelle tilskotsordningane.

#### **4.5 Helse og levekår**

Fylkesrådmannen støttar ekspertutvalet si vurdering av å løfte fram levekår som eit viktig politikkkfelt der fylkeskommunen bør ha oppgåver og handlingsrom. Oppgåver og verkemidlar knytt til folkehelse, levekår og trivsel er sentrale for å skape retning i samfunnsutviklinga og for å lukkast med å bygge ein sterk og tydeleg regional politikk. Det føreset ei breidde i porteføljen og politisk råderett over verkemidla.

Fleire utgreiingar har vist at det er samanfallande oppgåver mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen i dag. Dette gjeld særleg innsats knytt til rådgjeving overfor kommunane og det å vere pådrivar for kunnskapsbasert folkehelsearbeid. Fylkesrådmannen vurderer samordning av pedagogiske og økonomiske verkemidlar på færre forvaltningsnivå som positivt og noko som kan bidra til meir effektiv oppgaveløysing nærmare politiske avgjerder.

Fylkesrådmannen meiner at det kan vere føremålstenleg å få overført tilskotsordningar frå statleg nivå. Men i ein ny tilskotsmodell er det sentralt at fylkeskommunen får høve til å nytte relevante tilskotsordningar på ein måte som er tilpassa regionale behov, og ikkje berre som «forvaltar» på vegne av staten. Målet med endringane må vere at fylkeskommunen får meir påverknad og at ordningane blir naturleg del av det breie arbeidet med samfunnsutvikling og det regionale folkehelsearbeidet. Dette gjeld særskilt Program for folkehelsearbeid i kommunane.

Utvalet trekkjer fram at tilsynsoppgåvene knytt til folkehelsearbeid som Fylkesmannen har i dag bør fasast ut. Vår vurdering er at tilsyn har styrka det lokale folkehelsearbeidet. Folkehelsearbeid er framleis er ei «ny» samfunnsoppgåve. Det vil det vere ein styrke for folkehelsearbeidet både regionalt og lokalt å oppretthalde denne oppgåva i Fylkesmannsembetet.

#### **4.6 Regional planlegging**

Fylkesrådmannen støttar forslaga til ekspertutvalet og meiner regional planlegging bør styrkast og vidareutviklast slik at det er tenleg for handtering av regional og nasjonal arealpolitikk. Fylkeskommunen bør i tillegg overta juridisk rettleiing av kommunar i planspørsmål, og meklingsfunksjon ved motsegner.

#### **4.7 Finansiering**

Fylkesrådmannen er samd med ekspertutvalet si tilnærming om at frie inntekter bør i hovudsak finansiere fylkeskommunane.

Fylkesrådmannen har likevel ikkje merknader til at ein i ein overgangsperiode har særskilt finansiering for oppgåver innanfor kulturfeltet som vert overførte. Det same kan gjelda for andre område etter konkret vurdering i samband med dei einstilte oppgåveoverføringane.

Fylkesrådmannen legg vidare til grunn at ansvarsoverføringa vert finansiert fullt ut ved at midlane staten brukar vert overført til fylkeskommunane i samband med ansvarsoverføringa.

#### **4.8 Ytterlegare utgreiingsbehov**

Ekspertutvalet meiner regionreforma legg grunnlag for ytterlegare utgreiing av endringar:

- a) Hordaland fylkeskommune meiner det bør vurderast om Kulturtanken bør organiserast som eit felles ressurscenter etablert av og for fylkeskommunane.
- b) Endring av kriteria for spelemidla til idrettsanlegg, med direkte fordeling til fylkeskommunane utan handsaming i departementet, slik utvalet føreslår, bør utgreiast. Hordaland fylkeskommune meiner at ei endring bør ha grunnlag i ei heilskapleg vurdering av kva som påverkar anleggsutviklinga i kommunane, og ikkje berre gjerast ved å peike på eit element i fordelingsnøkkelen.
- c) Regional filmsatsing (kap. 334, post 73) er ikkje er omtala av ekspertutvalet, og fylkesrådmannen meiner det er god grunn til å leggja dei same prinsippa til grunn også på dette feltet. Dette er ei allereie godt forankra regional oppgåve, og regionale filmsentra har ein godt utvikla infrastruktur. Filmsentra er eit godt døme på regionalpolitisk prioritering av eit felt, og dette vil ved regionalisering kunne sjåast i nærare samheng med andre satsingar. I tråd med dette bør regionale filmsentre og -fond styrkes, og overta deler av Norsk Filminstitutt sine midlar, mellom anna til produksjon av spelefilm. Ein etablert struktur med god kunnskap om bransjen og det regionale næringslivet vil på den måten kunna utnyttast betre. Samarbeid mellom regionane vil kunne styrka feltet ytterlegare.
- d) Utviklingsoppgåver og eigarskap til statlege fiskerihamner for å sikre næringsutvikling og betre koordinering med landbasert samferdselsinfrastruktur.
- e) Utgreie å gje fylkeskommunane ansvaret for regional samordning innan brann- og ulukkeberedskap.
- f) Utgreie fylkeskommunen sitt viktige ansvar for internasjonalisering. Hordaland fylkeskommune meiner at det særskild må sjåast nærare på formalisering av fylkeskommunen si samordnande rolle regionalt i internasjonalt arbeid og mobilisering til deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt.
- g) Tilsvarande argumentasjonen som er brukt for fylkesinterne togruter Oslo-området bør også gjelda for Vestlandet. Etter samanslåing med Sogn og Fjordane, vil heile lokaltogstrekninga Bergen-Voss-Myrdal liggje innanfor den nye fylkeskommunen.
- h) Ansvar som regional vassregionmyndigheit må vidareførast som fylkeskommunal oppgåve knytt opp mot Plan- og bygningslova.